



Georg Dyrli
Grønfjellet 22
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2285 - 16/21557

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.08.2016

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr. 108/153

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.07.16.

Saka er sendt på intern høyring med uttale frist 26.08.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ber om at det vert sendt inn ein oppdatert situasjonsplan der murane er innteikna og målsett. Vi ber om at de nytter vedlagd kartutsnitt for å utarbeide situasjonsplanen. Situasjonsplanen må påførast minste avstand til eigedomsgrense og til vegmidte.
2. Innsendt teikningsmateriell syner mur i nord mot eigedom gbnr. 108/111, er denne muren omfatta av innsendt søknad? Dersom mur mot gbnr. 108/111 skal førast opp så må de leggast ved naboerklæring også frå nemnde. De kan nytte vedlagt skjema.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.09.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kartusnitt gbnr 108_153
Naboerklæring skjema

Mottakarar:
Georg Dyrleid

Grønfjellet 22 5955

LINDÅS